

Seige Seigmen kom att med fynd og klem

31.07.2012

Mange meiner at Festidalen har gjort litt av eit cup ved å kapra Seigmen, bandet som på 1990-talet gjekk for å vera landets kanskje fremste innan rocken. Dei hadde så ein relativt låg profil i mange år, men no har dei kome friskt attende og dermed i tråd med namnet demonstrert ein seigheit som er imponerende.

No i juli spela dei til dømes heime i Tønsberg under Slottsfjellfestivalen for ein tilhøyrarskare på 10 000 og etterpå gjekk ferda til Malakoff i Nordfjordeid og ny suksess med 8000 på plass. Ein entusiast skreiv at det var herleg å sjå favorittane spela saman att, for fyrste gong sidan operakonsertane i 2008.

'For et trøkk, for en lyd og for et band', konkluderte Lars-Ove Håhjem. som heldt fram at Seigmen hadde gjennomført ein rein maktdemonstrasjon.

Håhjem kjem inn på konsertane til Seigmen like etter årtusenskiftet og meiner at låtane frå den gongen om mogeleg er like gode idag om ikkje betre. Dei er svært flinke med det dei gjer og ingenting er overlete til tilfeldigheitene, held han fram i omtalen etter konserten i Nordfjord.

Forut for konsertane til Seigmen har det vore vanleg med ei tevling om å få spela på tønner saman med bandet og slik blir det også her i Uskedalen Det er no klårt kven som har vunne tevlinga og får bli med bandet på scena

Dei er Hans Erik Cosworth Lygre frå Os, Thomas Svenden frå Ølve, Katrine Klausen Fredheim frå Hamar, Frode Instanes frå Haugesund, Caroline R. Aasen frå Vestby og Olav Skorpen frå Os.

Det vil nok bli ei heilt spesiell oppleving for dei 6. Dei vert sjølv sagt lova god opplæring av bandet før dei går på scena.

Det må vera ei stor ære for dei nyslåtte tønneslagarane å få ta del i og understreka noko av det som har særprega dette bandet opp gjennom åra

Av Ola Matti Mathisen